



Saksgang
Kultur- og oppvekstutvalet

Møtedato
25.01.2011

Saksnr
005/11

Sakshandsamar:
Runa Nybakk

Arkiv: K1-030, K2-A10 **Arkivsaknr**
Objekt: 10/188

HØYRING NOU 2010:8 MED FORSKERTRANG OG LEKELYST - UTTALE FRÅ FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Eit offentleg utval oppnemnt av regjeringa ved kongeleg resolusjon 19. juni 2009, har sett på det pedagogiske tilbodet til førskulebarn.

NOU 2010:8 *Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskulebarn* vart lagt fram 01.10.10.

I brev av 29.10.10 inviterer nå Kunnskapsdepartementet til ei brei høyring for å gje flest moglege høve til å uttale seg om, og påverke utviklinga av det pedagogiske tilbodet til førskulebarn.

Høyringsfristen er sett til 31.01.11.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kultur- og oppvekstutvalet i Flora kommune har fått ein presentasjon av NOU 2010:8 "*Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskulebarn*", og dei ulike framlegga som utvalet har foreslått.

Kultur- og oppvekstutvalet meiner at NOU 2010:8 inneheld mange gode framlegg som vil styrke kvaliteten i barnehagesektoren, og er einig i mange av framlegga. Vi viser til kommentarar til framlegga i saksutgreiinga.

Før vi kan støtte framlegg om å innføre gratis barnehage 20 t/v for barn i alderen 3-5 år, må ein ha hatt ein gjennomgang av kvaliteten på barnehagetilbodet etter at det nå er innført rammebudsjettering. Ein må òg sjå på kvaliteten på tilbodet for dei minste barna, og kvaliteten på heilskapen i eit barnehagetilbod i aldersgruppa 1-5 år, før eksisterande tilbod vert utvida. I tillegg må barnehagelova sitt krav om pedagognorm oppfyllest.

Å gjennomføre tiltaka i NOU 2010:8 vert ei stor nasjonal satsing på barnehagesektoren, og vi forventar at alle nye tiltak og føringar vert følgt opp med statlege midlar dersom kommunane skal kunne følgje opp dette.

25.01.2011 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Bengt Solheim-Olsen,H:

Barnehagefagleg konsulent Runa Nybakk får fullmakt til å endre framlegg til vedtak slik at det går fram at Flora kommune er positive til 20 timar gratis barnehageplass pr.veke for barn 3 – 5 år.

Røysting:

Framlegg til vedtak med framlegget frå Solheim-Olsen vart samrøystes vedteke.

KUOP-005/11 VEDTAK:

Kultur- og oppvekstutvalet i Flora kommune har fått ein presentasjon av NOU 2010:8 ”Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskolebarn”, og dei ulike framlegga som utvalet har foreslått.

Kultur- og oppvekstutvalet meiner at NOU 2010:8 inneheld mange gode framlegg som vil styrke kvaliteten i barnehagesektoren, og er einig i mange av framlegga. Vi viser til kommentarar til framlegga i saksutgreiinga.

Før vi kan støtte framlegg om å innføre gratis barnehage 20 t/v for barn i alderen 3-5 år, må ein ha hatt ein gjennomgang av kvaliteten på barnehagetilbodet etter at det nå er innført rammebudsjettering. Ein må òg sjå på kvaliteten på tilbodet for dei minste barna, og kvaliteten på heilskapen i eit barnehagetilbod i aldersgruppa 1-5 år, før eksisterande tilbod vert utvida. I tillegg må barnehagelova sitt krav om pedagognorm oppfyllest.

Å gjennomføre tiltaka i NOU 2010:8 vert ei stor nasjonal satsing på barnehagesektoren, og vi forventar at alle nye tiltak og føringar vert følgt opp med statlege midlar dersom kommunane skal kunne følgje opp dette.

Barnehagefagleg konsulent Runa Nybakk får fullmakt til å endre framlegg til vedtak slik at det går fram at Flora kommune er positive til 20 timar gratis barnehageplass pr.veke for barn 3 – 5 år.

Oppfølging av vedtak:

Kultur- og oppvekstutvalet i Flora kommune har fått ein presentasjon av NOU 2010:8 ”Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskolebarn”, og dei ulike framlegga som utvalet har foreslått.

Kultur- og oppvekstutvalet meiner at NOU 2010:8 inneheld mange gode framlegg som vil styrke kvaliteten i barnehagesektoren, og er einig i mange av framlegga. Vi viser til kommentarar til framlegga i saksutgreiinga.

Kultur- og oppvekstutvalet støttar framlegg om å innføre gratis barnehage 20 t/v for barn i alderen 3-5 år.

Etter at det nå er innført rammebudsjettering, må ein ha ein gjennomgang av kvaliteten på barnehagetilbodet. Ein må sjå på kvaliteten på tilbodet for dei minste barna, og kvaliteten på heilskapen i eit barnehagetilbod i aldersgruppa 1-5 år. Dette må også sjåast i samanheng med barnehagelova sitt krav om pedagognorm.

Å gjennomføre tiltaka i NOU 2010:8 vert ei stor nasjonal satsing på barnehagesektoren, og vi forventar at alle nye tiltak og føringar vert følgt opp med statlege midlar dersom kommunane skal følgje opp dette.

Terje Heggheim
Rådmann

Runa Hatlenes Nybakk
Barnehagefagleg konsulent

Innleiing:

NOU 2010:8 har mange gode forslag for å styrke kvaliteten i barnehagesektoren. Fleire av framlegga vert også sett fokus på i arbeidet med *Kommunedelplan for oppvekst* som nå er under utarbeiding i kommunen.

Det er viktig å bevare det heilskaplege læringssynet som barnehagane i dag byggjer på. Dette må ivaretakast samstundes som ein vert meir målretta og systematisk i arbeidet. Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats er viktig for å sikre alle barn ein så god start som mogleg.

Ein viktig faktor for kvalitet og å sikre at alle barn får eit godt systematisk pedagogisk tilbod i barnehage, er personalet sin kompetanse. Dette handlar om auka pedagogisk kompetanse, minimumskrav til formelle kvalifikasjonar i assistentgruppa og eit varig system for etter- og vidareutdanning for tilsette i barnehagesektoren.

Kommunen er i dag lokal barnehagemyndigheit, og har frå 2011 også ansvaret for finansieringa av sektoren. Forslaga som vert presentert i NOU 2010:8 er omfattande, også økonomisk. Gjennomføring av tiltak må derfor følgjast opp med statlege midlar dersom kommunane skal kunne følgje opp framtidig endringar og tiltak som gjev kvalitetsauke.

Nettverk for barnehagane i Flora kommune har valt ut 2 representantar (styrarar) i tillegg til barnehagefagleg konsulent, til å utarbeide ein høyringsuttale til NOU 2010:8 *"Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskolebarn"*.

Då det er ønska ei brei høyring, er det tatt utgangspunkt i kap 12 i høyringsdokumentet. Her er alle framlegga til Brenna-utvalet samla. Framlegga er kommentert med våre synspunkt, og vert å sjå som høyring frå vår kommune.

Høyringsuttalen vert lagt fram som rådmannen sitt framlegg til høyring, og presentert for hovudutval for kultur- og oppvekst.

Vurdering:

12.1 Obligatorisk barnehage.

- *Utvalget anbefaler at barnehagetilbudet fortsatt skal vere frivillig*

Med bakgrunn i foreldra sin valfridom, tilgang på pedagogisk personale og barnehagane sine rammeføresetnadar, støttar vi dette framlegget.

12.2 Gratis barnehage.

- *Utvalget foreslår 20 timer gratis barnehage i uken for alle barn i alderen 3-5 år*

Vi meiner det er feil tidspunkt å innføre eit gratis barnehagetilbod for barn i alderen 3-5 år nå. 20 timar gratis barnehagetilbod i veka er ikkje nokon garanti som sikrar at alle barn deltek i eit pedagogisk tilbod. I dag er det mangel på førskulelærarar, og eit gratistilbod for ei bestemt aldersgruppe (førskulegruppe) kan lett gje ei uønska vriding av både fagkompetanse og budsjettlilhøve i sektoren.

Ein bør vente med eit eventuelt gratistilbod, til ein har hatt ein gjennomgang av kvaliteten på barnehagetilbodet etter at det nå er innført rammebudsjettering. Då må det også sjåast på kvaliteten på tilbodet for dei minste barna, og kvaliteten på heilskapen i eit barnehagetilbod i aldersgruppa 1-5 år.

12.3 Organisering av tilbodet.

- *Utvalget foreslår at tilbudet gis innenfor det ordinære tilbudet*

Vi viser til kommentar under pt 12.2.

Dersom det likevel skulle bli ein realitet med gratis barnehagetilbod, støttar vi utvalet sitt framlegg om at dette vert organisert i barnehage. Dette for å unngå segregering av tilbod, stigmatisering av barn og ressursvriding.

12.3.1 Samarbeid med andre instansar.

- *Utvalget anbefaler at alle barnehager skal ha tilknytning til et tverrfaglig samarbeidsteam*

Vi støttar dette framlegget. I Flora kommune har vi gode erfaringar med å jobbe i tverrfagleg ressursteam.

12.3.2 Samarbeid med foreldre.

- *Utvalget anbefaler at kommunen via helsestasjoner og andre instanser gir informasjon til foreldre om betydningen av å gå i barnehagen*
- *Utvalget foreslår at tilbudet om foreldreveiledning utvides og styrkes*
- *Utvalget foreslår at det opprettes en egen foreldreportal på internett*
- *Utvalget foreslår å lovfeste kommunale foreldreutvalg for barnehagene*
- *Utvalget foreslår at det lovfestes at kommunen skal ha en egen plan for foreldresamarbeid for barnehagene*

Vi støttar forslaget, då vi ser at dette vil gje foreldre auka informasjon om barnehage og styrke foreldra sin medverknad.

Personalet i barnehage må få auke sin kompetanse i form av opplæring i foreldrerettleiing. Statlege kompetansemidlar må settast av til slik opplæring.

I Flora kommune har vi kommunalt foreldreutval både for barnehage og skule, noko som vert opplevd positivt for alle partar.

12.4 Barnehagens innhold og oppgaver.

12.4.1 Målformuleringar i rammeplanen.

- *Utvalget foreslår at det i rammeplanen i tillegg til mål knyttet til fagområdene også settes mål for barnehagens arbeid med lek, omsorg og sosial kompetanse*
- *Utvalget forslår at det i rammeplanen settes mål for hva det enkelte barn skal utvikle av basiskompetanse*
- *Utvalget foreslår at det i rammeplanen legges føringar for at barnet selv også får sette mål for sin egen læring og utvikling*

Vi er einige i at det kan stillast meir krav til systematikk i barnehagetilbodet, og settast mål for barnehagen sitt arbeid med leik, omsorg, sosial kompetanse og basiskompetanse.

Vi er ueinige i at det skal leggest føringar for at barnet sjølv skal sette mål for eigen læring og utvikling. Dette ser vi på som urealistisk å gjennomføre, utover det å legge til rette for barn sin medverknad.

12.4.2 Fra plan til praksis.

- *Utvalget foreslår at det i rammeplanen må stilles tydeligere krav til årsplanarbeid i barnehagen*
- *Utvalget foreslår at rammeplanen må bli tydeligere på kravet om progresjon i barns læring og utvikling*
- *Utvalget foreslår at det i rammeplanen må stilles krav om likt fokus på formelle og uformelle lærings situasjoner i barnehagen*

Vi er einige i at det må stillast tydelegare krav til årsplanarbeidet i barnehagen, og at rammeplanen må bli tydelegare i kravet om progresjon i barns læring og utvikling.

I like stor grad som å stille krav om likt fokus på formelle og uformelle lærings situasjonar i barnehagen, må ein sjå på dei tilsette sin kompetanse til å forstå og bruke det som skjer i dei uformelle situasjonane i ein fagleg kontekst (jf barnehageforskning som fortel oss at barn først og fremst lærer gjennom leik og uformelle læresituasjonar).

Før vi startar diskusjonar om nye mål for nye situasjonar, bør vi bli einige om kva som ligg i omgrepet "læring" jf sitat s 101, "Evalueringen av implementeringen av rammeplanen viste at både barna og førskolelærerne opplever sterkere fokusering på læring forstått som skoleforberedelse"

2.4.3 Skoleforberedende aktiviteter.

- *Utvalget anbefaler at de skoleforberedende aktivitetene legger hovedvekt på utvikling av barnas sosiale kompetanse, språk og andre former for kommunikasjon*
- *Utvalget foreslår at det i rammeplanen må tydeliggjøres hva innholdet i de skoleforberedende aktivitetene skal være*

Vi støttar framlegget til utvalet.

12.4.4 Tilpasset tilbud og identifisering av barn med særlige behov.

- *Utvalget foreslår at alle barnehager må ta i bruk en tretrinnsmodell for mer systematisk identifisering av og oppfølging av barn med særlige behov*
- *Utvalget foreslår at det utarbeides en veileder for barnehagene om arbeidet med barn med traumer*

Vi støttar framlegget om ein meir systematisk identifisering og oppfølging av barn med særlege behov. Dette samsvarer i stor grad med korleis Flora kommune jobbar med denne problemstillinga.

Dei fleste kommunar har i dag plan for krisehandtering, som er meint å skulle handtere ulike krisesituasjonar som ein kjem ut for (både barn og vaksne). I staden for å utarbeide ny rettleiar for arbeidet med barn med traume, bør ein heller bygge på eksisterande planar som vert nytta i dag.

12.4.5 Særmerknad.

(Fagerli, Mogstad, Ogden og Raundalen)

”Når utvalget foreslår mål for hva det enkelte barn skal utvikle av basiskvalifikasjoner, mener vi det blir viktig at dette følges opp av en systematisk kartleggingsmetodikk. Formålet med å utvikle ein slik kartlegging er todelt. Først og fremst vil det øke mulighetene for å oppdage barn som har behov for særskilt oppfølging, dernest får vi grunnlag for å dokumentere i hvilken grad barnehagen når målene som er satt. Vi foreslår derfor at det blir foretatt kartlegging av femåringane våren før skolestart, og at informasjonen om resultatene av denne overføres til skolen som en del av det viktige arbeidet som pågår for å bedre overgangen mellom barnehage og skole”

Vi viser til arbeid som ” Utvalg for språkkartlegging i barnehagen” gjennomfører, og avventar deira framlegg før vi tar stilling til spørsmål om kartlegging.

12.5 Personalet i barnehagen.

- *Utvalget foreslår at det innføres et varig system for etter- og videreutdanning for ansatte i barnehagesektoren*
- *Utvalget foreslår at minst 50% av de ansatte i barnehagen må ha førskulelærerutdanning eller annen tilsvarende pedagogisk utdanning*
- *Utvalget foreslår at muligheten til dispensasjon fra utdanningskravet må innskrenkes*
- *Utvalget anbefaler at det vurderes å innføre et minimumskrav til formelle kvalifikasjoner hos assistenter i barnehagen*
- *Utvalget foreslår at det igangsettes en egen kampanje for rekruttering til førskulelærerutdanningen*
- *Utvalget foreslår at det igangsettes varig systematisk lederopplæring av styrere i barnehagene*
- *Utvalget foreslår at førskulelærerutdanningen blir 4-årig*
- *Utvalget anbefaler et betydelig lønnsløft for førskulelærere for å sikre kvalifisert personell i barnehagen og rekruttering til førskulelærerutdanningen*
- *Utvalget foreslår at det lovfestes et krav om barnehagefaglig kompetanse i kommuneadministrasjonen*

Vi støttar desse framlegga, og vi forventar at gjennomføring av tiltak vert følgt opp med statlege midlar som i skulesektoren.

12.6 Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole

- *Utvalget foreslår at de innføres en plikt til samarbeid mellom barnehage og skole i regelverk og planverk for både barnehage og grunnopplæringen*
- *Utvalget foreslår at deler av innholdet i den statlige veilederen ”Fra eldst til yngst” tas inn i forskriftene for både barnehageloven og opplæringsloven*
- *Utvalget foreslår at kommunen pålegges å lage en overordnet plan for hvordan sammenheng mellom barnehage og skole skal sikres og overgangen skal bli best mulig for barna*
- *Utvalget foreslår at det i grunnskulelærerutdanningen for 1.-5-trinn innføres en obligatorisk praksisperiode i barnehage*
- *Utvalget anbefaler at det gis tilbud om hospitering i hverandres virksomheter for ansatte i barnehage og skole*
- *Utvalget anbefaler at det gis tilbud om kompetanseutvikling til førskulelærere og grunnskulelærere vedrørende samarbeid mellom barnehage og skole*

Vi støttar desse framlegga. I Flora kommune har vi utarbeidd eigen plan for overgang frå barnehage til skule, og ser at dette er viktig om ein skal få til eit betre og forpliktande samarbeid mellom barnehage og skule, til barnas beste.

12.7 Styring av sektoren og foreldrebetaling

- *Utvalget anbefaler at det sikres sterke nasjonale kvalitetskrav for barnehagene gjennom lov og forskrifter i tilknytning til innføring av rammefinansiering av sektoren*
- *Utvalget foreslår at kommunenes tilsyn av barnehagene styrkes gjennom sterkere nasjonale føringar*
- *Utvalget foreslår at det innføres sterkere statlig regulering av moderasjonsordningar for foreldrebetaling i barnehage*

Vi støttar framlegga om sterkare nasjonale føringar for kommunenes tilsyn og kvalitetskrav ved innføring av rammefinansiering av sektoren.

Barnehagelova §15 om foreldrebetaling og forskrift om foreldrebetaling i barnehage regulerer i dag foreldrebetaling for barnehageplass og moderasjonsordningar. Ein sterkare statleg regulering av moderasjonsordningar for foreldrebetaling i barnehage, meiner vi vil vere i strid med ansvaret som kvar kommunen har i dag for å tilby ordningar for familiar med lavast betalingsevne. Dersom ein samstundes vurderer å innføre 20 timar gratis barnehagetilbod i veka, vil foreldrebetalinga uansett etterkvart bli ganske lav.

12.8 Kunnskap om barnehagens betydning

- *Utvalget foreslår at det igangsettes kontrollerte evalueringsstudier for å finne ut hvordan barnehager med ulikt kjennetegn påvirker barn av hvert kjønn og med ulike forutsetninger og kjennetegn. Dette gjelder særlig barns sosiale, emosjonelle, atferdsmessige og motorisk fungering, i tillegg til barns kognitive fungering og psykisk helse*
- *Utvalget foreslår at det settes av midler til forskningoppfølging av offentlige tiltak for å dokumentere virkningene, og at det må etableres et forpliktende samarbeidsorgan for å følge opp dette*
- *Utvalget anbefaler at forskningsevalueringer av offentlige tiltak bør kvalitetskontrolleres gjennom publisering av artikler i fagfelleverderte tidsskrifter, både nasjonale og internasjonale. Utvalget mener vidare at denne forskningen i større grad må formidles til sektoren*

Vi støttar desse framlegga, og det er viktig at forskningsresultat vert publisert og vert formidla til sektoren.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	14.01.2010	Brenna-utvalget v/Kunnskapsdepartementet	Foreldrehøring om pedagogisk tilbud til førskolebarn	
13	U	24.02.2010	Brenna-utvalget v/Kunnskapsdepartementet; brennautvalget@kd.dep	foreldrehøring	

12	I	22.03.2010	.no, Annika Klocke	Gjeld foreldrehøyring om pedagogisk tilbud til førskulebarn
18	I	29.10.2010	Det kongelige kunnskapsdepartement	Høring - NOU 2010:8 Med forskertrang og lekelyst. Innstilling fra utvalget som har sett på pedagogisk tilbud til førskulebarn